

**Årsoppgjør 2006  
for**

**Landbrukstenester Nordfjord**

# Årsmøte i Landbrukstenester Nordfjord 2006

Onsdag 26. april kl. 20.00 i Orheimstunet på Stårheim

## Sakliste:

- Sak 1: Opning v/styrelseiar Ole Martin Rafshol
- Sak 2: Godkjenning av innkalling og sakliste
- Sak 3: Val av skrivar og to til å skrive under møteboka
- Sak 4: Årsmelding og rekneskap for 2006
- Sak 5: Val.
- Sak 6: Arbeidsplan for 2007
- Sak 7: Budsjett for 2007
- Sak 8: Innkomne saker

Årsmelding ligg vedlagt, medan resultatrekneskap kan hentast på kontoret, lastast ned frå [www.nordfjord.landbrukstenester.no](http://www.nordfjord.landbrukstenester.no) og det er lagt ut til ettersyn desse stadane: Servicekontoret - Eid kommune, Teknisk kontor - Vågsøy kommune og landbruksavdelinga i Bremanger kommune.

Vi oppmodar medlemmane våre til å kome på årsmøtet.

Enkel servering. Vel møtt !!

Tone H. Sørland

Ole Martin Rafshol

## Årsmelding Landbrukstenester Nordfjord driftsåret 2006

Årsmøtet for 2005 vart halde i FRAM, Stårheim 26 april 2006.

Det var 9 medlemmar frå LTN, to frå Bremanger avløysarlag og 6 frå styret i tillegg til dagleg leiar som møtte opp.

Leiar Ole Martin Rafshol ynskte vel møtt og opna årsmøtet. Innkallinga vart godkjend og saklista vart endra og sidan samrøystes godkjend. Ole Martin Rafshol vart vald til møteleiar. Tone Sørland vart vald til å skrive referat, Per Gunnar Gilleshammer og Rolf Sundal skulle skrive under møteboka.

Årsmelding og rekneskap vart etter litt orientering og ei spørsmålsrunde ilag med revisjonsmeldinga samrøystes godkjent.

Med det var Landbrukstenester Nordfjord i si dåverande form avslutta sidan ein før jul i ekstraordinært årsmøte hadde gjort vedtak om å fusjonere med Bremanger avløysarlag.

Ein starta så med å godkjenne innkalling og sakliste til skipingsmøte for det fusjonerte laget.

Ole Martin Rafshol vart vald til møteleiar, Tone Sørland til skrivar.

Per Gunnar Gilleshammer og Rolf Sundal vart valde til å skrive under møteboka.

Vedtektene til det nye laget vart vedtekne med ei endring i §8.

Val av styre for 2006:

Ole Martin Rafshol,	1år,	attval som leiar for eitt år
Rolf Sundal	2år,	attval
Bjørn Haugland	1år,	
Kristian Nave	1år,	
Magnus Endal	2år,	
Sigrður Ketilsdóttir		vald av og blant dei tilsette
Varamedlemmer: Unn Henden	1år,	attval
Anders Alsaker	1år,	attval

Valnemnd: Peder Ole Maurstad 1år,  
Jostein Espelund 2år,  
Rune Nordbotten 3år,  
Gustav Orheim vara

Revisor: Lid Revisjon & Rådgivning, Bergen

### **Drift:**

Landbrukstenester Nordfjord er eit andelslag (BA), med avgrensa økonomisk ansvar, vekslande kapital og medlemstal. Medlemne heftar berre med sitt partsinnskot for gjelda til laget. Laget dekkjer Eid, Bremanger og Vågsøy kommunar, og laget sin administrasjon ligg på Nordfjordeid. Laget driv med rekruttering av arbeidskraft, teneste- og rettleiingstilbod og det som høyrer med. Fusjonen med Bremanger Avløysarlag har styrka laget sitt tilbod til medlemmane og eigenkapitalen.

Landbrukstenester Nordfjord hadde ved årsskiftet 279 refunderbare medlemmar, det er utført ca. 36 årsverk

Styret har i 2006 hatt 3 styremøte. I tillegg har styreleiar og dagleg leiar hatt god kontakt.

Av sakene ein har arbeidd med kan ein nemne:

Ole Martin, Kari, Kristian og Tone reiste til dei årlege regionsamlingane i Bergen i haust. Med dei store endringane som skjer no er det viktig at styret er godt informert om dei utfordringane vi står framføre.

Tone H. Sørland og Ole Martin Rafshol er to av i alt tre som er valde til å representere Sogn og Fjordane i årsmøta til Norske Landbrukstenester.

Styret gjorde vedtak om å godta tilbodet om rimelege heimesider for medlemslaga i NLT frå Thinkpage. Laget er no å finne på internett på adressa: [www.nordfjord.landbrukstenester.no](http://www.nordfjord.landbrukstenester.no).

Frå 1. juni har Tone H. Sørland (60%) og Kari Rogdo (20%) delt ei 80% stilling som dagleg leiar. Tone H. Sørland har vore sjukmeld deler av året, dette har vi prøvt å finne brukbare løysingar på. Styret beklagar om det har skapt problem for medlemmane.

For å få eit betre arbeidsmiljø for dagleg leiar vart det kjøpt inn nye kontormøblar til kontoret. Ommøbleringa og monteringa vart gjort på dugnad av styremedlemmar.

Laget arbeider for å auke kvinneprosenten i styret.

### **Miljø.**

Laget forurensar ikkje det indre eller det ytre miljø.

### **Avløysarane:**

Vi har lønsmeldt 315 avløysarar. Brutto utbetalt løn: kr 7.025.119.

Forskotstrekk/skatt: kr 1.280.374

Vi har den same stabile gjengen med faste avløysarar, i tillegg har vi nokre "step in" avløysarar som har mykje å gjere. Det er svært dyktige folk vi har, dei er gull verdt !

Vi har eit lavt sjukefråvær og vi har heldigvis ikkje hatt yrkesskader og ulukker i 2006.

Avløysarane er innmeldt i landbrukshelsa, og får god oppfølging der. Arbeidsmiljøet blir sett på som godt og det vert stadig sett inn tiltak til forbetring. Det sosiale arbeidsmiljøet er utfordrande, for det er eit einsamt yrke. Vi har det årvisse julebordet som dei deltek på.

### **Økonomi:**

Årsrekneskapet er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapskikk. Dei unntaksreglar som gjeld for små føretak er brukt der ikkje anna er vist i notar.

Årsoppgjeret er gjort under føresetnad om framleis drift. Til grunn for det ligg ein tilfredstillande og positiv eigenkapital.

Partskapitalen er kr 40.900, der kvar part er på kr 100. Ved overdraging av bruket kan parten overførast til ny brukar.

Avløyseringa i laget utgjer ca 36 årsverk. I tillegg kjem administrasjon på 0,8 årsverk.

Det er ikkje spesielle ytingar til leiande personale.

Lønn dagleg leiar kr 242.000.

Laget har i 2006 innført innskotsbasert obligatorisk tenestepensjon for tilsette i høve ny lov.

Styreleiar har ei godtgjersle på kr 1000.- Revisor har ei godtgjersle på kr 27299.-

Underskot for året 2006 vart kr -21.352.-

Betaleleg skatt kr. 5112.-

Styret foresler at årsunderskotet på kr. 21.352.- vert dekkja av posten annen eigenkapital.

### **Laget sine arbeidsoppgåver:**

Den viktigaste oppgåva vår er å tilby bøndene kvalifisert arbeidskraft når dei har bruk for det. Vi skal prøve å bidra til å skape trivsel og tryggleik for bonden og hans familie slik at dei kan få ferie, fritid og tryggleik under sjukdom.

I velferdsordningane er det to viktige faktorar; økonomisk tilskot og tilgang på arbeidskraft.

Dårlegare likviditet i næringa har ført til ujamn avløysering gjennom året. Dette fører til "panikkavløysering" på slutten av året, og dermed ujamn sysselsetjing. På denne måten får vi ikkje kvalifisert arbeidskraft til å bli.

Avløyserlaga er i dag hovudleverandør av arbeidskraft til landbruket, og vi må levere eit godt produkt. Rekruttering og opplæring er viktig, og det krevst profesjonalitet både til personalhandsaming og oppfølging av reglar og forskrifter.

Styret vil få takke dei to daglege leiarane for innsatsen i eit utfordrande arbeidsår.

## **Arbeidsplan for 2007**

Oversikt over dei viktigaste arbeidsoppgåvene til Landbrukstenester Nordfjord i 2007.

### **Betre økonomien i laget.**

Vi må jobbe aktivt for å få til eit tilfredstillande driftsgrunnlag. Vi må få fleire medlemmar.

Starte opp eit prosjekt om arbeidskraftformidling til fleire kundegrupper enn i dag.

### **•Avløyserane**

Viktig å sende avløyserane på kurs, dette er lærerikt og sosialt og avløyserane skal vere med å bestemme kva kurs som er aktuelle.

Avløyserane skal takast med i diskusjonar som vedkjem deira arbeidssituasjon. Dei har ein representant i styret i laget.

### **•Kurs**

I tillegg til avløyserane så skal både dagleg leiar og tillitsvalde kursast.

Dagleg leiar kjem til å delta på dei felles kursopplegga som er laga for denne gruppa.

Det er planlagt eit kurs på Nordfjordeid i mai for daglege avl.lagsleiarar i Sogn og Fjordane.

### **•Landbrukshelsa**

Vi har allereie eit godt samarbeid med Jorun Hilde & co i Landbrukets HMS- teneste, og vi skal prøve å vidareutvikle dette samarbeidet. Det har vist seg at både medlemmane våre og avløyserane våre har god hjelp/ nytte av denne tenesta.

### **•Profilering/heimeside**

Oppdatere foldaren/ brosjyra vi har laga om laget, og vidareutvikle den heimesida vi har fått oss. Elektroniske timelister skal bli klare i 2007 og vi vil oppfordre medlemmane til å nytte dei nett-tenestene som blir utvikla framover.

### **•Fusjon i Nordfjord**

Vi må halde oppe tankane om fusjon mellom to eller fleire avløyserlag i Nordfjord.

Nordfjordeid, 12. april 2007

Ole Martin Rafshol  
Styreleiar

Rolf Sundal

Bjørn Haugland

Kristian Nave

Magnus Endal

Sigrídur Ketilsdóttir

Tone H. Sørland  
Dagleg leiar

## Resultatregnskap

	Note	2006	2005
<b>DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER</b>			
<b>Driftsinntekter</b>			
Salgsinntekt		7 118 854	6 122 122
Annen driftsinntekt		162 146	152 909
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>7 281 000</b>	<b>6 275 031</b>
<b>Driftskostnader</b>			
Varekostnad		0	228
Lønnskostnad	1	7 025 119	6 204 243
Annen driftskostnad	2	326 986	264 606
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>7 352 106</b>	<b>6 469 076</b>
<b>DRIFTSRESULTAT</b>		<b>-71 106</b>	<b>-194 045</b>
<b>FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER</b>			
<b>Finansinntekter</b>			
Annen renteinntekt		57 578	54 407
Annen finansinntekt		-0	-2 919
<b>Sum finansinntekter</b>		<b>57 578</b>	<b>51 488</b>
<b>Finanskostnader</b>			
Annen rentekostnad		1 297	2 010
<b>Sum finanskostnader</b>		<b>1 297</b>	<b>2 010</b>
<b>NETTO FINANSPOSTER</b>		<b>56 280</b>	<b>49 478</b>
<b>ORDINÆRT RES. FØR SKATTEKOSTNAD</b>		<b>-14 826</b>	<b>-144 567</b>
Skattekostnad på ordinært resultat	3	6 526	0
<b>ORDINÆRT RESULTAT</b>		<b>-21 352</b>	<b>-144 567</b>
<b>ARSRESULTAT</b>		<b>-21 352</b>	<b>-144 567</b>
<b>OVERFØRINGER</b>			
Overføringer annen egenkapital		-21 352	-144 567
<b>SUM OVERFØRINGER</b>		<b>-21 352</b>	<b>-144 567</b>

**Balanse pr. 31.12.2006**

	Note	31.12.2006	31.12.2005
<b>EIENDELER</b>			
<b>Omløpsmidler</b>			
Kundefordringer	4	988 274	877 337
Andre fordringer		14 000	14 000
Bankinnskudd, kontanter o.l.	5	1 324 156	1 226 537
<b>Sum omløpsmidler</b>		<b>2 326 430</b>	<b>2 117 874</b>
<b>SUM EIENDELER</b>		<b>2 326 430</b>	<b>2 117 874</b>
<b>EGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>Egenkapital</b>			
<b>Innskutt egenkapital</b>			
Andelskapital	6	49 805	30 900
<b>Sum innskutt egenkapital</b>		<b>49 805</b>	<b>30 900</b>
<b>Opptjent egenkapital</b>			
Annen egenkapital	7	513 248	447 345
<b>Sum opptjent egenkapital</b>		<b>513 248</b>	<b>447 345</b>
<b>Sum egenkapital</b>		<b>563 053</b>	<b>478 245</b>
<b>Gjeld</b>			
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Betalbar skatt		5 112	-1 841
Skyldig offentlige avgifter		1 077 145	1 043 679
Annen kortsiktig gjeld		681 120	597 791
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>1 763 377</b>	<b>1 639 629</b>
<b>SUM EGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>2 326 430</b>	<b>2 117 874</b>

Underskrifter

## Noter 2006

### Regnskapsprinsipper:

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven og god regnskapsskikk. Selskapet har videre fulgt relevante bestemmelser i Norsk Regnskaps Standard utarbeidet av Norsk Regnskaps Stiftelse.

De unntaksregler som gjelder for små foretak er anvendt der annet ikke er angitt i regnskapsprinsipper.

### Note 1 - Lønnskostnad

<b>Spesifikasjon av lønnskostnader</b>	<b>I år</b>	<b>I fjor</b>
Lønn	6 174 171	5 546 505
Arbeidsgiveravgift	620 020	555 339
Pensjonskostnader	54 756	0
Andre lønnsrelaterte ytelser	176 172	102 398
<b>Totalt</b>	<b>7 025 119</b>	<b>6 204 243</b>

Daglig leder har mottatt 242 000 i lønn.

Antall ansatte hel/deltid er 315, tilsvarende ca 36 årsverk.

Selskapet har tegnet pensjonsforsikring for ansatte i henhold til loven om obligatorisk tjenestepensjon. Ordningen er innskuddsbasert. Selskapets bokførte pensjonskostnader tilsvarer betalt premie.

### Note 2 - Annen driftskostnad

Revisors honorar er kostnadsført med kr 27 299.

### Note 3 - Skattekostnad på ordinært resultat

#### Spesifikasjon av årets skattegrunnlag:

Resultat før skattekostnader	-14 826
+ Permanente og andre forskjeller	0
+ Endring i midlertidige forskjeller	35 000
+ Inntekt fra andre næringer	0
+ Mottatt konsernbidrag	0
- fremført korreksjonsinntekt til fradrag	0
<b>= Inntekt før anvendelse av framført underskudd</b>	<b>20 174</b>
- Anvendt skattemessig framførbart underskudd	20 174
<b>= Inntekt</b>	<b>0</b>

## Noter 2006

### Spesifikasjon av årets skattekostnad:

Beregnet skatt av årets resultat	0
+ fremført godtgjørelse til neste år	0
<b>= Sum betalbar skatt</b>	<b>0</b>
+ For lite avsatt tidligere	1 414
Endring i utsatt skatt / utsatt skattefordel	0
+ Formuesskatt, 0.9% av netto skattbar formue på 568 000	5 112
<b>= Ordinær skattekostnad</b>	<b>6 526</b>
Årets ekstraordinære betalbare skatt	0
+ Årets ekstraordinære refusjonsskatt	0
<b>= Ekstraordinær skattekostnad</b>	<b>0</b>
<b>= Ordinær + ekstraordinær skattekostnad</b>	<b>6 526</b>
Skattesats 31.12	28

### Betalbar skatt i balansen består av

Sum betalbar skatt	5 112
+/- Effekt av skatt på konsernbidrag	0
<b>= Betalbar skatt i balansen</b>	<b>5 112</b>

### Note 4 - Kundefordringer

Kundefordringer er avskrevet regnskapsmessig med kr 20 000.

### Note 5 - Bankinnskudd, kontanter o.l.

Skattetrekkinnskudd utgjør pr 31.12. i år kr 405 074.

### Note 6 - Andelskapitalen

Andelskapitalen er på kr 40 900 hevr andel lyder på kr 100

Laget har fusjonert med Bremanger AL

### Note 7 - Annen egenkapital

IB 2006:	447 345
Endringer 2006	65 903
UB 2006	513 248



## Revisjon & Rådgivning

Til generalforsamlingen i Landbrukstenester Nordfjord BA

### REVISJONSBERETNING FOR 2006

Vi har revidert årsregnskapet for Landbrukstenester Nordfjord BA for regnskapsåret 2006, som viser et underskudd på kr 21.352. Vi har også revidert opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet og forutsetningen om fortsatt drift. Årsregnskapet består av resultatregnskap, balanse og noteopplysninger. Regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge er anvendt ved utarbeidelsen av regnskapet. Årsregnskapet og årsberetningen er avgitt av selskapets ledelse. Vår oppgave er å uttale oss om årsregnskapet og øvrige forhold i henhold til revisorlovens krav.

Vi har utført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder revisjonsstandarder vedtatt av Den norske Revisorforening. Revisjonsstandardene krever at vi planlegger og utfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon. Revisjonen omfatter kontroll av utvalgte deler av materialet som underbygger informasjonen i årsregnskapet, vurdering av de benyttede regnskapsprinsipper og vesentlige regnskapsestimer, samt vurdering av innholdet i og presentasjonen av årsregnskapet. I den grad det følger av god revisjonsskikk omfatter revisjonen også en gjennomgåelse av selskapets formuesforvaltning, samt systemer for regnskapsførsel og intern kontroll. Vi mener at vår revisjon gir et forsvarlig grunnlag for vår uttalelse.

Vi mener at

- årsregnskapet er avgitt i samsvar med lov og forskrifter, og gir et rettviseende bilde av selskapets økonomiske stilling 31. desember 2006 og for resultatet i regnskapsåret i overensstemmelse med god regnskapsskikk i Norge
- ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringskikk i Norge
- opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet og forutsetningen om fortsatt drift er konsistente med årsregnskapet og er i samsvar med lov og forskrifter.

Bergen, 12. april 2007  
Lid Revisjon & Rådgivning

Sveinung Lid  
registrert revisor

Nøstetorget 5  
5011 Bergen  
Norway

Organisasjonsnummer 963 707 169 - MVA  
Hjemmeside: <http://www.lidrevisjon.no> - E-post: [post@lidrevisjon.no](mailto:post@lidrevisjon.no)

Tlf. 55 55 00 30  
Fax 55 55 00 31